LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Helgesen Tekniske-bygg AS
5281 VALESTRANDSFOSSEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Trygve Solberg | 02.06.2014 |
| Vår: 14/4647 - 14/12950 | Trygve.Solberg@lindas.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - gbnr 137/757, Alver - verkstad- og kontorbygg

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | H. Sandvik Eigedom AS, Hjelmås, 5915 Hjelmås |
| **Ansvarleg søkjar:** | Helgesen Tekniske – bygg AS, 5281 Valestrandsfossen |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.§ 21-10. |

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at deler av tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Overlevering av FDV
2. Utstikking av ferdig bygg
3. Sluttføring av avfallsrapport
4. Div. innreiing

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: kontorlokale i 1. etg.
Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 26.09.2014.
Det vert elles vist til søknad motteken 22.05.2014.

<u>VURDERING</u>
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Galteråsen |
| Bygningstiltak: | Næring/kontor/industri |
| Bygningsnummer: | 300439464 |

**Post**
postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

VEDTAK:
Med heimel i plan- og bygningslova §21-10, 3.ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tiltak på gnr. 137, bnr, 757 på følgjande vikår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld kontorlokale i 1. etg.
2. Søknad om ferdigattest skal ligge føre i slutten av september 2014.

Bortfall av mellombels bruksløyve
Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr
Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| 10.2. Pbl § 20-1 | Gebyr |
|---|---|
| 10.2.8 Mellombels bruksløyve | Kr. 2.800,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage
Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| H. Sandvik AS | Hjelmås | 5915 | HJELMÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Helgesen Tekniske-bygg AS | | 5281 | VALESTRANDSFOSSEN |